



Skarsvåg Rør og Interiør as

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1028 - 15/9180

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
08.05.2015

Godkjenning - tilknytning til kommunalt vassverk gbnr 20/7 på Dale.

Administrativt vedtak. Saknr: 157/2015

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteken 07.04.2015, der det er søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på Dale gbnr 20/7. Eigedomen skal knytast til det kommunale vassverket via privat stikkledning som går frå kommunal kum. Der ligg føre erklæring som gjev eigedomen rett til å knyta seg til den private stikkledningen.

Eigedomen har godkjent utslepp med slamavskiljar.

Vurdering:

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og naudsynt dokumentasjon er vedlagt saka.

Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 20/7 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 07.04.2015 og supplerande dokumentasjon motteke 29.04.2015 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal via privat stikkledning frå kommunal kum.

Melding med dokumentasjon frå utførande røyrløggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- per bueining pluss mva.
- Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart tilkopling gbnr 20-7

Kopi til:

Aslaug Dale og Thomas Rørvik

Øvredalsvegen 60 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Skarsvåg Rør og Interiør as